

## Vedtekter for Bømlo Teater

Forslag til nye vedtekter til årsmøte 15.03.2019

### §1 Formål

Bømlo Teater er ein frivillig organisasjon.

Bømlo Teater skal ivareta og vidareutvikla eigenart og tradisjon frå tidlegare Bømloteateret og Bømlo Musikallaug.

Bømlo Teater skal arbeida for å styrkja Bømlo som eit senter for scenekunst ut frå kompetanse, kvalitet, breidde og engasjement.

Bømlo Teater skal gjennom god samhandling og sunn økonomistyring skape ein bærekraftig, open og inkluderande organisasjon.

### §2 Medlemskap

Dei som aktivt ber om medlemskap i Bømlo Teater, munnleg eller skriftleg, er å rekna som medlemmer frå det tidspunktet dei er førte inn i medlemsregisteret.

Medlemsregisteret kan oppdaterast av styret. Den som då på spørsmål ikkje samtykker til å vera medlem eller ikkje er mogeleg å kontakta over tid, vert strøken frå medlemslista.

Medlemskap krev ikkje kontingent.

Manglande medlemskap i Bømlo Teater skal ikkje vera til hinder for å delta på enkeltproduksjonar i regi av teateret.

Styret kan i særskilde høve utestengja personar frå medlemskap ved illojal aktivitet eller åtferd som ikkje er foreinleg med kjerneverdiane teateret står for.

### §3 Årsmøte

Årsmøtet er laget sitt høgaste organ. Årsmøtet skal gjera strategiske og overordna vedtak for Bømlo Teater fram til neste årsmøte. Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av februar månad.

Styret annonserer til årsmøte med minst 3 vekers varsel. Saker som medlemmene ønskjer å ta opp på årsmøtet, må vera styret i hende skriftleg seinast 2 veker før årsmøtet. Sakspapir skal vera gjort tilgjengelege for medlemmane 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan handsamast dersom dei vert sette på sakslista ved opning av møtet, med 2/3 fleirtal. Årsmøtet er vedtaksført med dei medlemmene, over 16 år, som møter. Ingen har meir enn ei røyst.

Vedtektene skal reviderast annakvart år.

Følgjande har stemme-, tale- og forslagsrett på årsmøtet:

- Medlemmer, inklusivt styret

Habilitetsspørsmål blir avgjorde på møtet.

Årsmøtet skal:

- Handsama årsmelding
- Handsama rekneskap for laget
- Handsama innkomne framlegg
- Vedta årsplan for Bømlo Teater inkludert økonomiske vurderingar.
- Vedta arbeidsprogram

Velja:

- Styreleiar (for 1 år)
- 5 styremedlemmer (for 2 år)
- 2 varamedlemmer (for 1 år)
- Valnemd (3 personar ) (for 1 år)

Styremedlemmer blir valde for to år, men slik at 3 medlemmer står på val eitt år og 2 medlemmer det neste. Valnemnd og varamedlemmer blir valde for eitt år om gongen.

I styret skal ein tilstreba ulike kompetansar (t.d. organisatorisk, kunstnarleg, leiarkompetanse, juridisk). Ein skal også tilstrebe ein rimeleg kjønnsbalanse.

Dersom det er fleire kandidatar til eit verv, skal det være skriftleg avrøysting. På årsmøtet vert allminnelege saker avgjorde med simpelt fleirtal, saker som gjeld vedtektene, med 2/3 fleirtal, av dei frammøtte.

Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret eller 1/3 av medlemmene krev det. Innkalling skal skje seinast 10 dagar før møtet. Avrøysting er som for ordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama saker som er sette på sakslista i innkallinga.

#### **§4 Organisering**

Mellom årsmøta vert laget leia av eit styre. Styret skal iverksetje årsmøtet sine vedtak.

Styret kan oppnemne:

- representantar til ulike eksterne utval
- ulike utval

og gje arbeidsoppgåver til desse. Styret kan tilsetje personar i engasjement knytte opp til produksjonar i regi av BT

Laget sin økonomi skal styrast etter retningslinjer for friviljuge lag og organisasjonar.

Styret er røysteført når minst 4 medlemmer er tilstades. Leiaren har dobbelrøyst ved likt røystetal.

**§5 Vedtektsendring**

Vedtektsendringar kan berre gjerast av årsmøtet eller eit ekstraordinært årsmøte, med 2/3 fleirtal . Vedtektsendringar må kunngjerast i innkallinga til årsmøtet.

**§6 Oppløysing**

Oppløysing av laget kan berre vedtakast med 2/3 fleirtal på to påfølgjande ordinære årsmøte. Samanslutning med andre lag vert ikkje rekna som oppløysing av laget, og skal handsamast på same måte som ei vedtektsendring.

Ved oppløysing av laget, skal eignelutane omgjerast til eit fond, og øyremerkjast kulturelle aktivitetar i Sunnhordland. Fondet skal administrerast av eit styre. Detaljerte retningslinjer for fondet, samt val av fondsstyre skal vedtakast på det siste ordinære årsmøtet.